



Rune Hammersland og Hilde Nicolaisen er klar for klatring i Leirveggen inst inne i Eikedalen.

Visste du at Bergen Fjellklatrarklubb har merka klatreruter i Eikedalen. I dag møtte Uskedalen.no to aktive friluftsmenneske ved Uskedal vassverk sitt anlegg på Sørstølen, klar for dagstur i Eikedalen med klatring i det som i Klatreføreren er kalla Leirveggen. Rune Hammersland og Hilde Nicolaisen kjem frå Sandnes og vil finna meir ut om toppturar og klatreruter i Uskedalen.

Rune og Hilde kjem til Kvinnherad med mål om å gå topptur på ski i Rosendalsalpane. Dei campa ved Myrdalsvatnet i natt, men det var litt i minste laget med snø. Bilen er full av klatreutstyr. Det er difor ikkje noko problem å snu litt på planane. Når vi møter paret frå Sandnes, er det utpakking av utstyr og klargjering for tur inn Eikedalen.

Turen går frå Sørstølen, over Flåtene og inn i Fagerdalen, der det er ei fin flate med stillerennande vatn før ein stig opp Eikedalsskaret. Her vil dei prøva Leirveggen, ei av mange merka klatreruter i Eikedalen. Når to personar klatrar ilag, er ein leiar i front Den andre sit og sikrar og kjem etter med utstyret. Slik tek ein seg fram etappe for etappe. Det er ikkje sett inn boltar frå før. Difor er dette klatring med naturleg sikring. Ein har godt med utstyr, mellom anna kranskile og andre kilar.

Uskedalen.no spør om dei har vore i Ulvanoso. Det har dei til gode, men vil ta turen når det høver.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal